

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

**Aud Karin Oen** sette fram slikt forslag:

"1. Alternativ til heile framlegget frå fylkesrådmannen:

Planprogrammet for E39 syner at motorveg med fire felt med fart på 110 km/t fører til uakseptabel øydelegging av verdfull natur i Sunnhordland, over Bjørnafjorden og i Os.

Alle traseval vil gje ein firedobling av trafikken i høve til trafikkta i dag. 14000 ÅDT vil gje trafikkaos i møte med det overbelasta vegnettet i Bergen.

Motorvegprosjektet strir mot våre klimamål og mål om at all trafikkvekst i byane skal koma med kollektivtilbod, sykkel eller gange.

Planutgreiinga for E39 Hordfast midtre trase må stoggast. Fylkesutvalet ber departementet koma attende med ny utgreiing om alternativ trafikksikker tofelts veg i indre trase og med eit alternativ for miljøvenlege ferjer.

Hordfast er eit gigantisk vegprosjekt utan truverde og realisme der kostnadene allereie er langt høgare enn det som KVVU og KS1 la til grunn. Den sterke uroa i Os og i andre bygder som vert råka gjer at ein må rekne med at prisen vil auka kraftig i vidare prosjektering.

Den akutte situasjonen for E16 er livsfarlig både for bil- og tog trafikken. Samferdselsminister Solsvik-Olsen har gitt klare signal om at Hordaland må velja mellom prosjekta. I revidert nasjonalbudsjett blei det ikkje framlagt noko om strakstiltak for å sikre Vossebanen og E16."

### Røysting

Fylkesordføraren la innstillinga frå samferdselsutvalet til grunn for røystinga.

Innstillinga vart vedteken med 14 røyster mot 1 røyst (SV) for Oen sitt forslag.

### Vedtak

1. Fylkesutvalet er nøgd med planprogrammet, og meiner at dei føreslåtte traséane gir eit godt grunnlag for vidare arbeid med statleg plan på kommunedelplannivå for E39 Stord-Os.
2. Fylkesutvalet vil peike på at traséalternativet med dagline over Søre Øyane har store konsekvensar for friluftsliv, natur, kulturmiljø og landskap. Fylkesutvalet er samd med departementet si innstilling om at dette alternativet er lite aktuelt, og at det ikkje bør utgreiast vidare som eit alternativ.
3. Fylkesutvalet vil peike på at området kring Bårdsundet er svært sårbart med store verdier for kulturminne, friluftsliv, naturmiljø og landskap. Planlegginga må ta særskilt omsyn til verdiane i dette området.
4. Fylkesutvalet vil generelt rå ifrå traseval som kjem i konflikt med freda kulturminne og viktige kulturmiljø av særskilt høg verdi. Alternativ D og E gjennom Uggdal og Uggdalsdalen på Tysnes har store konfliktar med automatisk freda kulturminne, og må vurderast særskilt i det vidare planarbeidet.
5. Fylkesutvalet vil peike på betydinga av å optimalisere det samla vegsystemet i området, og er nøgd med at planprogrammet fokuserer på tilknytningar til E39 på strekninga. Fylkesutvalet ber om at mogleighetsstudie for fylkesveggar knytt til E39 Bergen-Rogaland vert lagt til grunn for det vidare arbeidet. For å få full effekt av E39, ber fylkesutvalet om at den statlege planen vurderer og kjem med framlegg til kryssløysingar som står opp om konklusjonane i mogleighetsstudiet for framtidige tverrsamband til ferjefri E39.

6. Fylkesutvalet understrekar betydinga av å vurdere omkøyringsalternativ for traséen på fylkesvegnettet som ein del av risiko- og sårbarheitsvurderinga.
7. Det er av stor betyding at ein sikrar eit godt og attraktivt kollektivtilbod langs E39 med haldeplasser som er tenleg plassert både for å kunne handtere lokaltrafikk og ekspressbussar mellom Stavanger og Bergen.
8. Fylkesutvalet vil peike på behovet for ei rask framdrift, og ønskjer at den vidare planprosessen etter vedteken statleg plan på kommuneplannivå vert avklart. Fylkesutvalet vil rå til at den vidare planlegginga skal skje i statleg regi. Fylkesutvalet ønskjer å gjennomføre KS2 (kvalitetssikring 2) før reguleringsplan, slik at KS2 blir gjennomført på grunnlag av vedteken statleg plan på kommunedelplannivå.